

# Søknad om semesterstøtte til LI:ST for våren 2019

## Søkar

LI:ST - Linjeforeningen for Informatikk: Språkteknologi

Postboks 1080 Blindern

0316 Oslo

Kontonummer: 1503.54.41171

## Kontaktperson

Solmund Paulsen Oland

Verv: Økonomiansvarleg

Telefonnummer: 41172235

E-post-adresse: [solmundo@student.matnat.uio.no](mailto:solmundo@student.matnat.uio.no)

---

LI:ST er ei linjeforeining på Institutt for Informatikk ved UiO. Målet vårt er å jobbe for eit godt fagleg og sosialt miljø rundt studieprogrammet «Informatikk: Språkteknologi», i tillegg til det gamle programmet «Informatikk: språk og kommunikasjon». Arrangement er hovudsakleg opne for studentar ved programma.

## Oversikt

Totalt søker foreninga om semesterstøtte på **13.987,60 kr** til følgende:

- Arrangementskostnader (6700): 9.037,60 kr
  - Foreiningsdag: 365,20 kr (nøyaktig beløp brukt)
  - Generalforsamling: 258,60 kr (nøyaktig beløp brukt)
  - Skøyting: 313,80 kr (nøyaktig beløp brukt)
  - Skøyting vol. 2: 300 kr
  - Påskehending: 600 kr
  - Workshop med Language Technology Group: 900 kr
  - Hyttetur: 3.000 kr
  - Eksamenshjelp: 300 kr
  - Filmkveld med pizza: 2.000 kr
  - Grill & Chill: 1.000 kr
- Mat og drikke til frivillige (post 5280): 3.500 kr
  - Styremiddag: 3.500 kr
- Inventar: 400 kr
  - Jord og potter til plantene på Fortran: 400 kr
- Bankutgifter (post 7770): 50 kr
  - Gebyr: 50 kr
- Erie midlar: 1.000 kr

## Detaljar

### Arrangementskostnadar (Post 6700): 13.987,60 kr

#### *Ettersøking*

LIST sin post på Foreiningsdagen: 365,20 kr (nøyaktig beløp brukt på foreiningsdagen)

Dato: 12.02.2019, kl. 1400-1600

Tal på deltakarar: Uvisst

Vi serverte heimelaga kake, kaffi og sjokolade på stand på foreiningsdagen. Til dette brukte vi n kr på ingrediensar og kakeservise.

#### Utgifter:

Kaffi: 16,00 kr

Kake: 172,40 kr

Servise + sjokolade: 176, 80 kr

Totalt: 365,20 kr

Generalforsamling: 258,60 kr (nøyaktig beløp brukt på generalforsamlinga)

Dato: 08.02.2019, kl. 1615-1800

Tal på deltakarar: 12

Vi serverte rosinbollar, kanelbollar, druer, kjeks og kaffi på den fyrste generalforsamlinga for året. Til dette nytta vi oss av 86% av tillate generalforsamlingsmidlar.

#### Utgifter:

Snacks og drikke: 258,60 kr

Totalt: 258,60 kr

Skøyting: 313,80 kr (nøyaktig beløp brukt på generalforsamlinga)

Dato: 24.02.2019, kl. 1400-1600

Tal på deltakarar: 7

I regi av vinter haldt vi ein skøytedag for medlemmar av LI:ST, sundag den 24. februar. Her serverte vi pølser i lomper/vegetarburger og sjokolade.

#### Utgifter:

Grillmat og sjokolade: 313,80 kr

Totalt: 313,80 kr

**Søknad for kommande hendingar****Skøyting vol. 2: 300 kr**

Dato: 17.03.2019, kl. 1400-1600

Tal på deltakarar: 10

Det vart rapportert kjempestemming frå førre skøytearrangement. Difor køyrer vi på med eit til. Ei rundspørjing i foreininga, viser at det er interesse for ein ny skøyterunde. Vi vil servere pølser i lomper også denne gongen.

**Utgifter:**

Pølser, lomper og ketchup: 300 kr

**Totalt: 300 kr****Påskehending: 600 kr**

Dato: 12.04.2019

Forventa tal på deltakarar: minst 50

Etter kjempesuksess med fjorårets påskearrangement slår LI:ST til på nytt! Vi ynskjer, også i år, å arrangere påskejakt på egg, etter liknande modell som i fjor. Eit slikt arrangement tenker vi verkar sær godt for å promotere LI:ST. Samstundes bidrar det til god tverr-linja stemning på IFI. Dette er eit opent arrangement for alle på instituttet. Vi søker om midlar til påskeegg med tilhøyrande godteri.

**Utgifter:**

Påskeegg m/godteri: 600 kr

**Totalt: 600 kr****Workshop med Language Technology Group: 900 kr**

Dato: [onsdag].03.2019, varar i to timar

Forventa tal på deltakarar: 20

LI:ST tenker å prøve ut ein ny modell for «Fagleg lunsj», som vi har arrangert tidlegare. Vi planlegg difor å sette opp eit arbeidsseminar/workshop, som vi inviterer medlem frå forskingsgruppa LTG til å føre. Innhaldet vil følgeleg vere relevant til LI:ST og vår fagretning, men opnar for at alle på IFI kan delta. Arbeidsseminaret vil fungere litt som ein fagleg lunsj med tanke på at vi vil servere brødmatt, frukt og kaffi. Vi reknar med å bruke 700 kr på mat. Seminarhaldaren frå LTG får ikkje løn for dette, men ei gåve for å vere med.

**Utgifter:**

Mat og drikke: 700 kr

Gåve til seminarhaldar: 200 kr

Totalt: 900 kr

**Hyttetur: 3.000 kr**

Dato: 15.04.2019 – 17.04.2019

Forventa tal på deltakarar: 17

For å styrke bandet mellom LI:ST og Lingvistisk Studentforening frå HF, er det uttrykt ynskje frå begge hold til å gjennomføre ein hyttetur saman. Dette skal vere eit hyggeleg arrangement der turfølgjet blir betre kjend med kvarandre, på tvers av- og innbyrdes i foreiningane. Samstundes får vi i LI:ST ein etterlengta hyttetur. Utover beløpet vi søker FU for, vil arrangementet bli finansiert med eigenandelar frå deltakarane. LTG støttar med midlar til mat. Vi ber om 150 kr per hovud, som blir 2550 kr. I tillegg ber vi om ein buffer på 450 kr dersom det skulle melde seg på fleire. Både bufferen og eventuelt delar av hovudbeløpet verte tilbakebetalt dersom det skulle melde seg på mindre enn gitt tal på deltakarar.

Utgifter:

Bukostnadar: 2.550 kr

Buffer: 450 kr

Totalt: 3.000 kr

**Eksamenshjelp: 300 kr**

Dato: [Ikkje satt].05.2019, varar i to timar

Forventa tal på deltakarar: 20

Når det nærmar seg eksamenstider ynskjer vi å legge til rette for eit par timar med låg terskel for å samarbeide, spørje om hjelp eller generelt gje støtte og kjærleik til kvarandre. Studentar med tidlegare erfaring i aktuelle emne vil også vere til disposisjon for rettleiing. Bollar og kaffi vil verte tilbydt til trengande.

Utgifter:

Bollar og kaffi: 300 kr

Totalt: 300 kr

**Filmkveld med pizza: 2.000**

Dato: [Ikkje satt], varar i to timar

Forventa tal på deltakarar: 25

Filmkveld var å rekne som ein suksess då det vart arrangert førre semester. Difor vil vi gjerne sette denne posten på vårprogrammet også. Kvelden vil innehalde, i tillegg til film: pizza og popkorn – og

sjølvsagt god stemning. Vi søker om peng dei to fyrstnemnte – LI:ST stiller med god stemning.

Arrangementet vil verta marknadsført mot LI:ST- eller I:SK-studentar.

Vi søker om 80 kroner per person, som svarar til 2.000 kr, totalt.

Utgifter:

Pizza og popkorn: 2.000 kr

Totalt: 2.000 kr

Grill & Chill: 1.000

Dato: [Ikkje satt].05.2019, varar i over to timar

Forventa tal på deltakarar: 20

Dette har nå blitt ein tradisjon for oss: grilling blant våryre trost/stær, det grønne graset og den gule sola. Hendinga, som vil vera retta mot LI:ST/I:SK, blir arrangert som ein fest for våren og/eller trøyst til eksamenen. Til dette ynskjer vi peng til grillmat, drikke og tilbehøyr.

Utgifter:

Grillmat: 600 kr

Eingongsgrill: 200 kr

Grillkol, servise og garnityr.: 200 kr

Totalt: 1.000 kr

## **Mat og drikke til frivillige (Post 5280): 3.500 kr**

### **Styremiddag**

Dato: Ikkje satt

Forventa tal på deltakarar: 10

Vi ønsker å halde en styremiddag for styret i LI:ST mot slutten av vårsemesteret. Det er forventa at alle 10 stykk i styret deltek på middagen. Denne håpar vi, vil fungere som ei gulrot, og «booster» for styremedlem, gjennom slitsame periodar i semesteret. Etersom LI:ST planleggjar såpass høg aktivitet (også fleire enn det vi søkjer om, i denne søknaden), søker vi om 3.500 kr.

### **Utgifter:**

Mat og drikke til styremedlemmer: 3.500 kr

Totalt: 3.500 kr

## **Inventar til Fortran: 400 kr**

### **Plantejord og potter: 400 kr**

Hundremeterskogen er godt etablert, og vi søkjer i vår om å oppretthalde denne. I vår planleggjar vi å kjøpe inn ei gullranke. I tillegg søker vi om tau og krokar for å fikse hengeplantene som allereie er på rommet. Vi treng også ei sprutflaske til å vatne plantene. Sidan vi ikkje har brukt opp plantepengane frå dei tidlegare semestera (heller ikkje dette haustsemesteret), søker vi om desse pengane.

### **Utgifter:**

Gullranke, tau, krokar, sprutflaske: 400 kr

Totalt: 400 kr

## **Bankgebyr (Post 7770): 50 kr**

DnB tar betalt 4,5 kr for kvar transaksjon i banken. Vi søker difor om støtte til dette.

### **Utgifter:**

Bankgebyr: 50 kr

Totalt: 50 kr

**Budsjett til semesterstøtta, vår 2019**

Budsjett v19	
<b>Inntekter</b>	
3400 Støtte/Sponsor	13.987,60
<b>Sum inntekter</b>	<b>13.987,60</b>
<b>Utgifter</b>	
6700 Arrangementkostnader	9.037,60 kr
5280 Mat og drikke til frivillige	3.500 kr
7770 Bank- og kortgebyr	50 kr
Inventar	400 kr
Frie midlar	1000 kr
<b>Sum utgifter</b>	<b>13.987,60</b>
<b>Resultat</b>	<b>0</b>

\* Kommentar til budsjettet: Det er mogeleg at det kjem fleire arrangement i laupet av semesteret, som vi ynskjer å halde. Dersom det skulle skje, vil vi enten sende eigne prosjektsøknadar til FU eller søke støtte frå LTG.

**Regnskap Semesterstøtte, haust 2018:**

Rekneskap: Semesterstøtte H18			
Postar	Inntekter	Utgifter	Resultat
Arrangementkostnader	2864	1607	1257
Inventar	700	285	415
Styremiddag	3000	1990	1010
Bankutgifter	40	32	8
Frie midlar	1000	48	952
<b>Perioden sitt resultat</b>	<b>7604</b>	<b>3962</b>	<b>3642</b>

\* Kommentarer til rekneskap: Fullstendig rekneskap og rapport er levert som eige dokument for semesterstøtte for hausten 2018.